

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
051/17	Formannskapet	PS	15.06.2017
045/17	Kommunestyret	PS	22.06.2017

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FA - H12, TI - &00	17/401

### Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune

#### Vedlegg:

Forslag til Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i Austrheim kommune- kriterier og ventelister.

#### Framlegg til vedtak:

Framlegg til forskrift vert vedtatt slik det ligg føre. Forskrifta er gjeldande frå og med 1. juli 2017.

#### Formannskapet - 051/17 - 15.06.2017

#### FS - behandling:

Framlegg frå Jorund Stellberg UAH:

Framlegg til forskrift med vert vedteke med fylgjande endring og tillegg:

§ 2. Virkeområde

"Austrheim kommune sitt tilbod om plass i bufellesskap – Vestlia, omfattast ikkje av forskrifta" vert stroke.

§ 5. Grunnlag for vurdering og tildeling eller avslag

Ved tildeling vil ein særskilt legge vekt på følgjande kriterier:

Nytt pkt. d)

Par skal få moglegheit til å bu saman på sjukeheimen sjølv om berre ein har fått vedtak om langtidsopphald.

Det skal leggjast til grunn at den andre part også treng helse- og omsorgstenester, samt delvis oppfyller kriterier for tildeling av korttidsopphald.

Eigenandelen for opphaldet skal vere etter gjeldande satsar for korttidsopphald.

Nytt pkt. e)

Langtidsopphald skal i hovudsak nyttast for personer over 67 år.

Samrøystes vedtak:

§ 2 stryk setningen "Austrheim kommune sitt tilbod om plass i bufellesskap - Vestlia - , omfattast ikkje av forskrifta.

Forslag toø § 5 vert oversendt rådmann til vurdering. Vurderinga skal leggast fram att til politisk handsaming.

### **FS vedtak:**

Framlegg til forskrift vert vedtatt med stryking av ein setning i § 2. Forslaget til § 5 vert oversendt rådmannen til vurdering. Vurderinga skal leggast fram att til politisk handaming.

Forskrifta er gjeldande frå og med 1. juli 2017.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

I juni 2016 gjorde Stortinget endringar i pasient- og brukarrettigheitslova og i helse- og omsorgstenestelova om rett til opphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester, kriterier og ventelister. Pasient eller brukar som fyller kriteria for tildeling av langtidsopphald eller opphald i tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester etter helse- og omsorgstenestelova §3-2 a, andre ledd, har rett til vedtak om dette, jf pasient- og brukarrettigheitslova § 2-1 e, første ledd.

Retten er knytt til helse- og omsorgsfagleg vurdering av kva tilbod som kan sikre pasient eller brukar naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Endring i helse- og omsorgstenestelova § 3-2 a medfører plikt for kommunane til å utarbeide forskrift med kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagd for heildøgns tenester.

Kommunen skal fatte vedtak om opphald dersom kriteria er oppfylt, og føre venteliste over pasientar og brukarar som ventar på langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad. Forskrifta skal og omfatte pasientar og brukarar som ville vere best tente med slikt opphald, men der det er forsvarleg at vedkomande bur heime i påvente av opphald. Kommunen skal då svare for korleis dei vil følgje opp i ventetida (jf lov om kommunale helse- og omsorgstenester §3-2 a).

Slik omsorgstrappa er i Austrheim, vil denne forskrifta gjelde for Nordliheimen.

Forskrifta har som siktemål å gjere tildelingsprosessen opnare. Regjeringa vil:

- Styrke rettane til dei som treng omsorg
- Gjere det tydeleg at alle med trong for omsorg skal få ei sakshandsaming med vurdering om rett nivå på si omsorg. Denne omsorga skal ikkje vere knytt til kommunen sin kapasitet, men ha pasienten sine behov som retningsgjevande.
- Leggje sterkare press på kommunane ved å verte meir open om kriterier for tildeling og ventelister.

Når kommunestyret vedtar denne forskrifta, må dei vere klar over at forskrifta kan ha økonomiske fylgjer dersom behova for plass aukar meir enn utbygginga av tilbod.

#### **Vurdering**

Endringane i lovverket handlar om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim og bustad særskilt lagt til rette for heildøgntenester. I Austrheim kommune er det per i dag ikkje bufellsseskap som særskilt er rette for heildøgntenester. Denne forsakriftinga gjeld derfor opphald på Nordliheimen. Dei som bur heime i private bustader og omsorgsbustader, får tenester av heimetenesta. Heimetenester kan bli gitt heile døgeret, i hovudsak på fastsette tider utfrå brukaren sitt behov.

Forskrifta er ikkje avhengig av diagnose, og gjeld i hovudsak for personar over 67 år. Austrheim har ulike tenester til personar med trong for helse- og omsorgstenester på dei ulike nivåa i omsorgstrappa. Dette for å kunne møte auke i trong for hjelp med meir omfattande tenestetilbod av ulik art. Austrheim kommune legg til grunn at prinsippet om beste effektive omsorgsnivå (BEON) skal følgjast ved tildeling av tenester. Dette har påverka utforminga av kriteria.

I vurdering av trong for helse- og omsorgstenester hos den enkelte, har Austrheim kommune vald å følgje gjeldande retningsliner og nasjonale føringar, dette gjeld og val av kartleggingsverktøy. Andre helseopplysingar som epikrise, heimebesøk, munnleg informasjonsutveksling gir og grunnlag for vurdering. Dei forholda som blir vurdert, er den enkelte si evne til omsorg for seg sjølv, mental tilstand, nettverk og kva omsorgsevne dette nettverket har, butilhøve, endring i helsetilstand og kognitiv funksjon. Dei ulike tenestene blir tildelt med bakgrunn i desse vurderingane.

For å bli vurdert for langtids plass i sjukeheim, skal hjelpetrongen vere omfattande. Den skal vere vanskeleg å tidfeste, og andre tenester i omsorgstrappa skal vere prøvd og ikkje funne dekkande for nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Det betyr at dei fleste med middels til stor hjelpetrong, vil få tenester i heimen så lenge dette er forsvarleg.

## **Om høyringa**

Austrheim kommune skal sikre at forskrifta er så godt opplyst som mogleg før endeleg vedtak i kommunestyret jf forvaltningsloven § 37. Framlegget har derfor vore lagt ut på høyring. Høyringsfristen er sett til 15. juni. I skrivande stund har det ikkje kome innspel i høyringa. Eventuelle innspel vil bli lagt fram for kommunestyret før dei gjer vedtak.

*Forskrifta trer i kraft etter vedtak i Austrheim kommunestyre frå og med 01.07.17*

## **Konklusjon**

Framlegg til forskrift vert vedtatt slik det ligg føre. Forskrifta vert gjort gjeldande frå og med 1. juli 2017.